Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 8, og 7

Emne: Beit og Brom og Skav.

Oppskr. av: Johs. O. Kvalheim

(adresse): Raudeberg.

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Nord-Vaagsöy

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eigi röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Daa Vaagsöy er og har vore i lang tid snau fyr skog, er det lite her me kjenner til av nemningar og driftsmaatar som er nemt i spyrjelista. Berre dette kan segjast som kjent: Skavöypollen, er namn paa ein poll i Sörvaagsöy herad, og som meinast aa ha faatt tilnamnet sitt av Skavöyna, som ligg ytst i pollen, og skav, trur dei kjem av at der har vore teke skav i farne tidar paa den vetle öyi. Men slikt arbeid og nemning er omtrent heilt ukjendt her no. I 1576 nemnast den i gardsmatrikelen som „Skaffspoll". Men ordet aa skave, er aalkjent og brukt. Eg held paa aa skåve, eg har skåva, eg skåvde, eller skov, han skavde, eller skov igaar, eg skjæv no, han skjæv no (mindre brukt)

Selje reknast her som den beste forbusk, baade kva bork og lauv angaar, for kjyrne likar dette best framfyr rogn og björk. Smide bork segjer dei her, med ein tollekniv. Viden vert brukt dels til bransel, staur eller skore staur med greinklyft oppe, til aa sköre hesjar med. Men det er berre som eit vidunder det vert brukt borkefor her. Hogg ein ris, smaagreiner um hausten, kallast det aa kjerve, og eit

1148

slikt band, eller sovl, kallast ūt laūkjerve. aa kjerve.
Tek ein berre laūet, heiter det aa laūe.
Desse namningar er trūleg kome inne fraa fjordane ūt til havkanten. I dei siste tvo mannsaldrar er bjørk, rogn og selje teke seg mykje fram, og fleire plantefelt manna seg til.

Her har det helst vore löngslaaing folk har drive med, til hjælpefor. Det var omtrent berre kvinfolki som dreiv, og driv med det enddaa, om vaaren, naar vaarknipa kjem. Löngje, Callūna vūlgaris, vert hogge med ljaa, raka saman med ei höyrive, stoppa i sekkje og bore heim i böratog. Det er berre toppane av löngje som vert hogt av, der blodi er paa. Sjölvsagt kjem der andre löngarte og med, og visna gras, trenagras, segje me her, eller elgje ogso. Har höyrt ūm eit tilfelle, der dei har slegje löngje ūm haūsten i blöimings-tidi, og tūrrsalta det i store saaar, (store stavkjerald, som ein og bl. anna brūkar til aa salta fisk i).

Ellers er det som spyrst ūm ūnder Skav nr. 7, og Beit og Brom nr. 8 omtrent ūkjendt her, so noko meir ūm dette er det ikkje raadeleg aa gjeve seg til aa berrette ūm.

Löngje brūktes omtrent berre til kjyr, ofte blanda saman med kaffbormjölsūrpa. Sjölvsagt vilde ein helst ūndgaa aa brūke berre löng til dyri, so ein laūt passe paa aa ta slik med löngdrifta för höystaalet tok hūt slut, hvis amarkji var snjoberr.
Skave, ei, fleire skave kallar vi det fastbrende lag av graūt eller sūpa i gryftebotnen, naar ein skrapar det stykkjevis laūst.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ved NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
1148